



SAMORDNA INNSATS (BTI) I STORD KOMMUNE

Handlingsretteiar

Visjon oppvekst: Trygg utvikling kor alle skal med

Barn og unge som alt har enkeltvedtak, og har vore i systemet ei tid

Tiltak i forhold til barnet/den unge blir vidareført i samsvar med tidlegare planar


Vold og seksuelle overgrep

Direkte kontakt med politi og barnevern
Kan og nytta konsultasjonsteam.
(Sjå vedlegg 9)

Uro for barn eller ungdom
(ny sak)

BTI-modellen skal leggjast til grunn for vidare innsats

Kva skal gjerast før det er aktuelt med logg?





Nei

(Saka blir avslutta eller innsats held fram)

Ja

(gå til nivå 2)

Er det trong for å gå vidare til nivå 2?

Dersom ja: Bruk innsatsomtale frå dei ulike tenestene for å avgjera kven som skal involverast. Grunngi. Samtykke om å involvera andre og gå vidare med logg. Om det ikkje blir gitt samtykke: Vurder melding til barnevernet.

Aktuelt verktøy: 6.Meldeskjema

Tiltak blir sett i verk og skal evaluerast jamleg.

Dokumentasjon på tiltak og evaluering av tiltak blir å finna i loggen.

Ansvarleg for tiltaket skal syta for at tiltaket er gjennomført innan fristen

Oppretta logg med mål og tiltak

Stafetthaldar skal gi den unge/føresette tilgang til logg og skal koordinera vidare innsats.
NB! Møtet kan i heilt spesielle saker konkludera med at saka må på nivå 2 snarast. Møtet kan og konkludera med at det ikkje er grunnlag for tiltak.

Den nødvendige samtalen med føresette
Seinast fire veker etter at uro for barnet/den unge har oppstått)

Sikra samtykke frå føresette til å oppretta logg. NB! Om dei ikkje gir samtykke til elektronisk logg, kan dei likevel ønskja å gå vidare med saka i papirformat .

Referat (mål, tiltak, ansvarleg og tidsfristar) skal leggjast i loggen.

**Verktøy: 4.Samtykkeskjema
5.Rettleiar til den nødvendige samtalen**

NIVÅ 1

Nei

(Saka blir avslutta eller innsats held fram)

Ja

(gå til nivå 3)

Er det trong for å gå vidare til nivå 3?

Samordna innsats startar.

Tiltak blir sett i verk og skal evaluerast jamleg

Oppretta logg med mål og tiltak.

Nettverksmøte

Seinast to veker frå det på nivå 1 blei bestemt å gå til nivå 2

Dokumentasjon på gjennomføring av tiltak og evaluering av tiltak skal førast i loggen.

Den som i nettverksmøtet er gitt ansvar for tiltaket, må syta for gjennomføring innan oppsett tidsfrist.

Stafetthaldar gir alle involverte tilgang til loggen (om samtykke til elektronisk logg er gitt)

Stafetthaldar: Ansvar for innkalling, møteleiing og referat. I dette møtet skal «fisken på disken». Alle må bidra til ein respektfull samhandling for å få tak i primærvansken og ressursane til barnet og i familien.

**Verktøy: 7.Mal for møte
8.Mal referat**

NIVÅ 2

Lov om barneverntjenester § 6-4:

«Offentlige myndigheter skal av eget tiltak, uten hinder av taushetsplikt, gi opplysninger til kommunens barneverntjeneste når det er grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt, når et barn har vist vedvarende alvorlige atferdsvansker, eller når det er grunn til å tro at det er fare for utnyttelse av et barn til menneskehandel»



Logg på nivå 3 blir avslutta ved måloppnåing, når teneste er ferdig med utgreiing/undersøking eller når det er naturleg å gå tilbake til nivå 2.

Logg på nivå 3 blir ikkje avslutta når måloppnåing ikkje er til stades og når naudsynte tiltak er i gong overfor barnet/den unge eller familien.

Barnet/den unge flyttar ut av kommunen og logg blir avslutta.

Logg blir avslutta ved måloppnåing.

Ny stafetthaldar koordinerer innsatsen

Ny stafetthaldar kan vera frå for eksempel barnevern eller PPT.

Barnevernet overtar som stafetthaldar (om dei ikkje alt har rolla)

Barnevernet gir ein av sine tilsette ansvar som stafetthaldar. Ny stafetthaldar skal nå koordinera all innsats.

Stafetthaldar inviterer foreldre og aktuelle nettverksdeltakarar til møte

I møtet skal det vurderast kva teneste som best kan bidra i forhold til barnet/den unge og familien.
Stafetthaldar syter for at aktuell instans får tilvising eller melding

Møte med foreldra der dei blir informert om årsaka til at melding er sendt barnevernet

Melding skal sendast barnevernet og foreldra får informasjon om årsaka til at barnevernet blir kopla inn i saka.

Foreldre gir samtykke til vidare samarbeid

Sikra samtykke til å oppretta logg.
Stafetthaldar: Koordinerer innsats, gir den unge/føresette tilgang til logg
Ikkje samtykke: Vurder melding til barnevernet.

Foreldre gir ikkje samtykke til vidare samarbeid. Melding om uro må sendast til barnevernet.

Verktøy: Meldingsskjema

Verktøy: Samtykkeskjema

NIVÅ 3



SIGNAL HJÅ BARN OG UNGE PÅ MULEG MANGLANDE TRIVSEL

| | |
|----------------|--|
| FAGLEG | <ul style="list-style-type: none">• Har vanskar med å konsentrera seg.• Har vanskar med å læra. |
| PSYKISK | <ul style="list-style-type: none">• Utrygge og skremte• Engstelege• Omtalar seg sjølv eller familien på ein nedsetjande måte |
| FYSISK | <ul style="list-style-type: none">• Passive og anspente• Krevjande tilhøve til mat• Fysiske plager som vondt i hovudet, magen m.m.• Græt meir enn det som er vanleg for aldersgruppa• Trekk seg tilbake og er stille• Trøtt og sliten, vanskar med søvn• Skadar seg sjølv• Har teikn på fysisk vald• Fysiske teikn på omsorgsvikt: (hygiene, søvn, klede, tannhelse)• Uro i kroppen, rastlaus |
| SOSIALT | <ul style="list-style-type: none">• Ofte i konflikt• Aggressive i konflikt• Er mykje åleine/blir haldt utanfor• Er inneslutta og søker lite kontakt med andre barn.• Meistrar ikkje å etablera sosial kontakt med barn på same alder• Er ekstremt på vakt i forhold til voksne.• Søker ikkje kontakt med vaksne og avviser vaksenkontakt/støtte• Klengjer seg inntil eller tar avstand i forhold til vaksne• Er lite nyfikne og viser manglande interesse for omgjevnadane• Viser stor vilje til å ta ansvar og tilpassa seg.• Snakkar usant, har lett for å overdriva.• Blir i står grad påverka av uro frå omgjevnadane |
| ANNA | <ul style="list-style-type: none">• Ofte borte frå skulen• Held ikkje avtalar• Fortel om rusa og sjuke vaksne• Viser interesse for rus og alkohol• Endring i åtferd• Uheldig nettbruk |



Stord kommune



SKALA FOR URO FOR BARN/UNGE

| Barn med generelt god trivsel | Barn med redusert trivsel | Barn med spesielle behov | Trua barn (stor trang for spesiell støtte) | Barn med risiko for varig skade |
|---|---|--|--|--|
| Barnet utviklar seg «normalt» både sosialt, fysisk og intellektuelt med vanlege, naturlege endringar i trivsel. | Barnet er utsett for lette, men konstante belastningar og viser teikn på at noko er galt, eller barnet er utsett for ein større, men forbigåande belastning og viser teikn på at noko er galt (barnet kan for eksempel vera påverka psykisk og sosialt av ei bestemt hending) | Barnet viser tydelege teikn på at noko er galt, f.eks ved handikap, vanskar med mat m.m. Barnet gir signal i form av psykiske reaksjonar, åtferdsreaksjonar m.m. | Barnet er utsett for langvarig tung belastning og viser svært tydelege teikn på at noko er galt. Barnet fungerer svært dårleg og utviklar seg permanent i ei negativ retning. Barnet har vanskeleg for å knyta seg til eller skapa relasjonar til andre barn eller vaksne. Begynnande feilutvikling i personlegdom. | Barnet sender dagleg signal om forsinka utvikling som følgje av omsorgssvikt. Barnet mistrives sterkt: -Har sinnslidingar -Er svak i kontakt -Har eventuelt eit misbruk og/eller kriminelle handlingar. -Varige personlegdomsskader |
| Foreldreomsorga er god. Foreldre søker rådgjeving om barnet i ein periode det ikkje har god trivsel. Foreldre kan søkja hjelp ved å kontakta lege, sjukepleiar, barnehage, skule m.m. | Foreldre gjer på oppmoding bruk av råd og rettleiing frå lærar, pedagog, sjukepleiar, psykolog m.m. | Omsorga til foreldra er god (med omsyn til handikappa barn) Omsorga til foreldra er konstant eller for ei tid redusert p.g.a. sjukdom, misbruk, aktuell krise ved sjukdom, dødsfall eller arbeidsløyse. | Omsorga til foreldra er redusert i så høg grad at familien ikkje meistarar belastningar. Teikn hjå barnet på at noko er galt aukar såleis i styrke og omfang. | Omsorga til foreldra manglar heilt og er sterkt prega av personlege, psykiske, sosiale, økonomiske og/eller faktorar i nettverket. Alle lokale tilbod er testa utan hell |
| Vanskane skal handterast i det daglege rom (Nivå 1) | | Vanskane krev innsats frå ulike fagområde (Nivå 2) | | Vanskane må løysast på spesielle stader. (Nivå 3) |

20.12.2013

Samtykke til å gi informasjon



Namnet til barnet:.....

Fødselsdato:.....

Eg/Me gir samtykke til at tar kontakt med dei tenester eg/me her tillèt, for at barnet mitt/vårt kan få nødvendig oppfølging/ henvising i tilknytning til

.....

Eg tillèt at følgjande informasjon kan gis:

Alt som blir vurdert som nødvendig

Det kan informerast om:

.....

.

Set kryss ved dei tenestene som kan kontaktast:

Barnehagen

Skulen

Pedagogisk psykologisk teneste

Helsestasjon/skulehelsetenesta

Barnevern

Barne- og ungdomspsykiatri

Andre.....

Dette samtykket gjeld fram til....., eller til eg/me trekkjer samtykket tilbake.

Dato:..... Foresatt

Dato:.....Foresatt.....

Samtykket er underskrive i nærvær av:

Anbefalt referanse;

KS (2013) Veileder: Taushetsplikt og samhandling i kommunalt arbeid for barn – ungdom og familier

<http://www.ks.no/PageFiles/2573/Taushetsplikt%20-%20veileder%20A4%20ny%20versjon%202013.pdf?epslanguage=no>

Det vises til veilederen mht informasjon om bl.a. samtykke og samhandling i arbeid for barn, ungdom og familier.

Her står det bl.a.; For at et samtykke skal være gyldig, må det være såkalt informert. Dette betyr at tjenestemottaker har blitt tilstrekkelig informert om formålet (bakgrunnen for at samtykket innhentes), hvilke opplysninger som inngår i samtykket, oversikt over hvem opplysningene kan gis til, videre bruk av opplysningene og hvilke konsekvenser samtykke kan få. Informasjonen som gis må tilpasses mottakeren, slik at mottaker skjønner hva det innebærer/kan innebære for seg. Det må også opplyses om at et samtykke når som helst kan trekkes tilbake og om mulige konsekvenser av dette.

Det er viktig å være oppmerksom på at et samtykke ikke kan sette tilside lovbestemte begrensninger i hva man kan samtykke til, f.eks i forholdet mellom foreldre og barn/ungdoms egen samtykkekompetanse. (Se f.eks. Helsepersonelloven §22).

REFERAT FRÅ NETTVERKSMØTE (Mal revidert 20.12.2013)

| | |
|---------------------------------------|---|
| Namn barnet | Dato og tid: Den..... / ... / Frå kl.....til kl..... |
| Møtedeltakarar: | |
| Føresette: | Andre møtedeltakarar: |
| Frå skule / barnehage / helsestasjon: | |

| |
|---|
| Kva veit me til saman om noverande situasjon? |
| Kva skal arbeidast meir med? Kva ønskjer me ikkje skal skje i den noverande situasjonen? |
| Mål for utviklinga fram til neste møte. |

| Avtalar: | | |
|----------|--------|-------|
| Tiltak | Ansvar | Frist |
| | | |

| |
|---|
| Kven skal orientera barnet/eleven om innhaldet i møtet og korleis skal det gjerast? |
|---|

| | |
|-----------------------------------|---|
| Planlegging av neste møte: | |
| Kven skal delta? | Dato for neste møte: Tid: Frå kl.....til kl..... |

| | |
|--|--------------|
| Referat gjennomgått og godkjent | |
| Dato: | Underskrift: |

| |
|--|
| Underskrift koordinator til barnet/eleven: |
|--|



MØTEMAL NETTVERKSMØTE

| | |
|-------------------------------|--|
| MØTESTART | <ul style="list-style-type: none">• Velkomen og kort innleiing om bakgrunn for møtet• Kort presentasjonsrunde: Namn og rolle (foreldre, førskulelærer / lærar, helsesøster, barnevern, PPT m.m.) |
| VEIT | Syta for at samla kunnskap blir felles kunnskap: <ul style="list-style-type: none">• Kva veit me om noverande situasjon? Bruk observasjonsskjema og få fram kunnskap om situasjonen.• Barnet og foreldra fortel om situasjonen ut frå deira perspektiv.• Kva skal det arbeidast meir med?• Kva ønskjer me ikkje skal skje slik situasjonen er no?• Oppsummering av gjennomførte tiltak og kva tiltak som er i gang. |
| KAN | Ulike handlingsalternativ: <ul style="list-style-type: none">• Kva mål har dei ulike deltakarane for den vidare innsatsen. Kva effekt er ønskjeleg?• Drøft ulike mulegheiter.• Drøft ei felles målsetting for det vidare arbeidet. |
| VIL | Felles mål og handlingsplan <ul style="list-style-type: none">• Fastsetja ei felles målsetting for det vidare arbeidet.• Kva tiltak skal setjast i gang?• Bli samde om korleis tiltaka skal følgjast opp vidare i prosessen.• Avgjer kva tid tiltaka skal vurderast |
| SKAL GJERAST | Konkrete avtalar for den tverrfaglege innsatsen. <ul style="list-style-type: none">• Er det trong for avklaringar og kven skal sikra at dette eventuelt blir gjort?• Kven har ansvar for dei ulike tiltaka.• Er det nokon som skal orienterast om den tverrfaglege innsatsen og kven skal ha ansvar for å orientera? |
| Planlegging neste møte | <ul style="list-style-type: none">• Deltakarar• Dato og tidspunkt |

Bekymringsmelding til barnevernet



1. Barnet/ barna

Namn på barnet/barna:

Fødselsnummer (11 siffer):

Adresse:

Nasjonalitet:

Språk:

2. Foreldre til barnet/ barna

Mor sitt namn:

Telefon:

Far sitt namn:

Telefon:

Barnet/ barna bur hos/ status dagleg omsorg:

3. Årsak til bekymring – kva har melder/ instans sjølv gjort i saka?

(Konkretisér – Bruk ev. eige ark for utfyllande opplysningar)

(forts. neste side)

(forts. frå førre side)

4. Meldar eller andre sin kontakt med familien

(Form, tidspunkt, kor lenge, tilknytning)

5. Opplysningar om meldar

Offentleg meldar Privat meldar Anonym meldar

Dersom anonym, årsak:

Føresette/ barn over 15 år er kjent med at meldinga er sendt: Ja Nei

Barnevernet ventar at offentlig meldar informerer føresette om meldinga på førehand. Dersom dette ikkje er gjort, kvifor? :

Melding er opplest og godkjend av meldar (ved munnleg melding pr. telefon eller i møte)

6. Underskrift meldar

Namn på meldar:

Adresse:

Telefon:

Stad:

Underskrift

Dato:

Meldinga er motteken dato:

Underskrift barnevernstenesta

«DEN NØDVENDIGE SAMTALEN»



SKAL GJENNOMFØRST SEINAST 4 VEKER ETTER AT DU HAR KJENT URO FOR BARNET/UNGDOMMEN

Den nødvendige samtalen er ein planlagd og godt førebudd samtale mellom profesjonelle og føresette. Den tek utgangspunkt i ein uro for barnet/ungdommen og/eller ein observasjon du som fagperson har gjort.

Målet med samtalen er:

- ✚ Å avklara om det er trong for innsats rundt barnet.
- ✚ Etablere eit samarbeid med føresette rundt tiltak som kan betre situasjonen for barnet/ungdommen.

Utgangspunktet for samtalen er at dei føresette alltid er ein del av løysinga.

MOMENTER

GOD FØREBUING

- ✚ Kva har hendt og kvifor er du bekymra? Del dette med næraste leiar.
- ✚ Tenk gjennom kva du ynskjer å oppnå med samtalen. Hugs kva målet/utgangspunktet for samtalen er.
- ✚ Vera mentalt førebudd på å bli møtt med ulike reaksjonar (reell lette over at tema vart sett på dagsorden, forsvar, avvising, bagatellisering, forneking, sinne mm).

RAMMER RUNDT SAMTALEN

- ✚ Inviter i god tid. La dei føresette få informasjon om tema i forkant. Vurder i kvart enkelt tilfelle om dei skal inviterast skriftleg eller munnleg (telefon/møte).
- ✚ Set eit fast tidspunkt for samtalen, start og slutt.
- ✚ Bryt samtalen dersom den ikkje fungerer. Forklar kvifor du eventuelt avsluttar før tida. (mest sannsynleg er ein prosess sett i gong)

SJØLVE SAMTALEN

- ✚ Ikkje problematiser – ver direkte og tydeleg om det du har sett, dine opplevingar og dine undringar på kva dette kan føre til for barnet/ungdommen.
- ✚ Ver open, raus og respektfull i dialogen. Føresette treng då ikkje gå i forsvar og/eller lyge.
- ✚ Ikkje diskuter/argumenter omkring observasjonar og fakta.
- ✚ Sei alltid det som er positivt.
- ✚ Lytt

FORMÅL OG INTENSJON MED SAMTALEN

Formålet er å dela uro/bekymring med foreldra for å skapa eit samarbeid

Hensikten med samtalen er å presentera uro/bekymring for barnet/ungdommen til føresette på ein slik måte at det blir sett i gong refleksjonar og dei kan sjå at det er nødvendig å ha eit bevisst forhold til barnet sin situasjon.

DEI TRE FASANE I SAMTALEN

INNLEIINGSFASEN

I denne fasen skal det etablerast tillit mellom dykk og dei føresette. Etter litt «småprat» skal de presentera dei punkta de ynskjer å drøfta. Ha fokus på det mest vesentlege. Bruk tid på å lytta. Få dei føresette sine tankar og tilbakemeldingar. Kjenner dei seg igjen? Her kan de få eit godt inntrykk av korleis barnet/ungdommen har det i familien. Vis dei føresette respekt og vis at de trur på dei som viktige for barnet/ungdommen.

Dei føresette si oppleving av respekt og likeverd i situasjonen, vil vera avgjerande for det vidare samarbeidet om å betra tilhøva for barnet.

HOVUDEL

I denne delen skal du konkretisera og utdjupa grunnlaget for den uro/bekymring du har for barnet/ungdommen. Det er viktig å:

- Balansera mellom ressursar hjå barnet/ungdommen og det som gir deg uro/bekymring.
- Beskriv korleis du oppfattar barnet/ungdommen sine kjensleuttrykk som grunnlag for barnet/ungdommen sin måte å vera på.
- Gi dei føresette tid til å fortelja om korleis dei oppfattar uro/bekymringa.

AVSLUTNINGSAFASEN

Korleis ein avsluttar samtalen er viktig. I denne delen sikrar du at dei føresette føler seg høyrte og forstått. Sikra deg at det er felles forståing av situasjonen og kva som skal gjerast vidare. (og der det er usemje).

Lag eit oppsummeringsnotat som visar kva som skal gjerast i det vidare. (Få med kva tiltak som skal gjennomførast, tidsfrist og ansvarleg for tiltaket)

Film om og rettleiar til undringssamtalen/den nødvendige samtalen finn du på:

<http://tidligintervensjon.no/Tema/Barn/Barnehage/Hva-gjor-jeg/Den-nodvendige-samtalen/>

<http://tidligintervensjon.no/Global/73631%20Den%20gode%20samtalen%20HEFTE.pdf>

13.6.2014

KONSULTASJONSTEAMET VALD OG SEKSUELLE OVERGREP

SUNNHORDLAND

Årlig vert eit stort tal barn utsette for vald og overgrep. Det kan være vanskeleg å oppdage. Det er ofte forbunde med taushet i og utanfor familien. Med vald meiner ein både fysisk og psykisk vald. Psykisk vald kan være mobbing, trugslar og ulike former for straff.

Seksuelle overgrep forstår ein som alle grenseoverskridande krenkelser.

Av ulike årsaker kan fagfolk vegre seg for å snakke med barn om mistanke om overgrep. For å få mot til å sjå og høyre og tryggleik til å handle, må ein ha kunnskap og handlingskompetanse om korleis ein skal møte desse utfordringane. Det ligg statlige føringar bak opprettinga av konsultasjonsteamet. Målet er å auke kompetanse og fremje gode lokale samarbeidsformer i slike saker.

Tilsette i offentlig og privat verksemd som jobbar med barn, og som har ei bekymring for om barn kan vere utsett for vald eller seksuelle overgrep, vert ynskt velkomne til å drøfte bekymringa anonymt med konsultasjonsteamet. Dette for å få hjelp til vidare handtering.

I Sunnhordland har vi eit konsultasjonsteam for vald og seksuelle overgrep. Teamet møtest ein gong i månaden. Møtestad er Familievernkontoret på Stord.

Teamet er bredt samansett. Fagpersonar frå fylgjande instansar deltek:

- Familievernkontoret på Stord
- Helsestasjon Bømlo
- BUP Stord, Helse Fonna
- Politiet
- Utekontakten på Stord
- Sunnhordland interkommunale barnevernsteneste (koordinator)

For meir informasjon eller bestilling av tid til å møte konsultasjonsteamet, ta kontakt med koordinator:

Trine Hjertholm
Tlf. 53496926 /53496600
e-post: trine.hjertholm@stord.kommune.no

Fast møtedag ein onsdag i månaden fra kl: 08:30-11:00. Teamet kan i tillegg møte på skuler, barnehager eller helsestasjoner, m.m. dersom det er ynskjeleg og praktisk mulig.

Møteplan 2014

| | | | | | | | | | | | |
|--------|--------|--------|--------|--------|--------|-----|--|--------|--------|--------|--------|
| 08.Jan | 12.Feb | 12.Mar | 09.Apr | 14.Mai | 11.Jun | --- | | 10.Sep | 08.Okt | 12.Nov | 10.des |
|--------|--------|--------|--------|--------|--------|-----|--|--------|--------|--------|--------|